

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 13.01.2017
Vår ref.: 2016/9015-12
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Søknad om tilskot under Statsbudsjettet 2017, kap. 1429 post 70 - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)

Me viser til dykkar e-post av 16.12.2016 med orientering om utlysning av midlar frå Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK).

For 2017 søker Hordaland fylkeskommune om midlar til følgjande prosjekt:

Prosjekt	ID	Mål	Kommune	Kostnad	Omsøkt tilskot
Sokkamyro	66745	Formidling av steinalderlokalitet	Bømlo kommune	159.495,-	79.747,-
Gildeskålbakken	60597	Skilting av mellomaldertuft	Stord kommune	50.000,-	24.000,-
Kvalvågen	97070 m.fl	Forprosjekt for formidling og tilrettelegging	Sund kommune	530.000,-	265.000,-
SUM				739.495,-	368.747,-

Hordaland fylkeskommune har i sak PS 95/2015 vedtatt å setje av kr 200.000,- til arbeidet med BARK i 2016. Då Hordaland fekk tilsegn om alle omsøkte midlar gjennom BARK for 2016 var det ikkje naudsynt å nytta desse midla til å dekkja det ordinære behovet innan skjøtsel. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling har i sak PS 162/2016 vedteke å lysa midlane frå 2016 saman med midlar for 2017, til saman kr. 400.000,- til søknader om skjøtsel av arkeologiske kulturminne i Hordaland for å stimulera til større prosjekt med fokus på universell utforming.

BARK i Hordaland fylkeskommune

BARK-søknadene for Hordaland fylkeskommune i 2017 vart politisk handsama i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i politisk møte 06.12.2016, PS 162/2016. Innkomne BARK-søknader til Hordaland fylkeskommune vart på møtet handsama for å avgjera kva søknader som skulle sendast vidare til Riksantikvaren, og med kva prioritering. På same møte vart det vedteke å gjera endringar i prioriteringslista for BARK, sjå neste punkt. Saksframlegg og protokoll i saka ligg vedlagt dette dokumentet.

Endring av prioriteringsliste for BARK

Prioriteringslista for BARK i Hordaland fylkeskommune vart vedteken av fylkesutvalet i sak PS 280/12, 21.11.2012. Eventuelle endringar i lista må difor skje gjennom politisk sak. Hordaland fylkeskommune har mottatt søknad om endring av lista frå ein kommune.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) har i sak PS 162/2016 vedteke følgjande endringar i prioriteringslista for BARK i Hordaland:

BARK-lista vert revidert til å inkludera følgjande kulturminne:

- *Gildeskålbakken, mellomaldertuft i Stord kommune* Askeladden ID 60597

Søknader i 2016

For informasjon om søknadene viser me til vedlagte skjema og vedlagt informasjon om prosjekta. Innkomne søknader til fylkeskommunen er òg lagt ved.

Prioritering av søknader

Alle dei innkomne søknadane om BARK-midlar for 2017 er høgt prioriterte for Hordaland fylkeskommune. Prosjekta er godt fordelt geografisk og tematisk, og er knytt opp mot andre tema som friluftsliv eller skular. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har i sak PS 162/2016 vedteke å senda alle innkomne søknader vidare til Riksantikvaren med likestilt prioritering.

Oppfølging av søknadene

Hordaland fylkeskommune vil utarbeida skjøtselsplan for alle prosjekt som får tilsegn om midlar til skjøtsel og fysisk tilrettelegging av kulturminne. Alle prosjekt skal gjennomførast i samråd med fylkeskommunen, som i tillegg til å leggja føringar for skjøtsel gjennom skjøtselsplan mellom anna vil kvalitetssikra informasjonsskilt og avklara skiltplassing, samt sikra at alle tiltak er avklart i høve til kulturminnelova. Tre mottekne søknader som fyller krava til ordninga er færre enn det Hordaland fylkeskommune har motteke dei siste to åra. Det er likevel naturlege forklaringar til dette, mellom anna at det er fleire større prosjekt som vart omsøkt i 2015 og 2016 som av ymse grunnar ikkje har lete seg gjennomføra, men der midla er søkt overført til 2017. Dei prosjekta som lenge har vore aktuelle har no vorte omsøkt og er tildelt midlar. Hordaland fylkeskommune vil nytta det reduserte søknadspresset til å ferdigstilla eldre prosjekt.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Walderhaug, Eva Sætersdal

Vedlegg

- 1 Hordaland_søknad BARK 2017_Formidling av sokkamyro
- 2 Hordaland_søknad BARK 2017_Forprosjekt Kvalvågen
- 3 Hordaland_søknad BARK 2017_Gildeskålbakken mellomaldertuft
- 4 Saksprotokoll KIRU PS 162-2016
- 5 Politisk sak om BARKsøknader 2017 til handsaming i KIRU 6.12.2016

- 6 Vedlegg til politisk sak om BARKsøknader 2017 - skildring av prosjekta
- 7 BARKsøknad 2017_Sokkamyro_Bømlø
- 8 BARKsøknad 2017_Gildeskålbakken_Stord
- 9 BARKsøknad 2017_Kvalvågen_Sund
- 10 BARK søknader Hordaland 2017 -skildring av søknader